



Magne Huglen fornektar seg ikkje når det gjeld store operasjonar og no har han markert seg att. No gjeld det ikkje dans med mykje folk, men å skaffe ei ny bru over Uskedalselva ovanfor Dønhaughølen.til erstatning for den som i si tid vart teke av flaumen.

Freistnad nummer ein vart mislukka fordi det glapp for kranføraren. No satsar Magne på ein tidlegare fergelem.

Han var først nytta i mange år på Sigjavågen på Bømlo, men no har Magne henta den 28 tonn tunge lemen frå si heimeøy Huglen. Køyrebana er 6 meter brei, men Magne skal få Eidsvik til å strippe av 2 meter og også redusere vekten ellers slik at den kjem ned i 16 tonn. Det vil letta operasjonen vidare mykje. Når den skal gå føre seg veit ikkje Magne.

Operasjonen i dag var relativt spektakulær. Eide som i alle tilfeller skulle på oppdrag inne i fjorden plukka ombord lemen i den imponerende krana og med hjelp av slepebåten Eide Fighter bar det over til Børnes kai og avlesing. Løftinga på og av var ein bagatell for ei kran med ein kapasitet på 200 tonn.

Som eit kuriosum kan nemnast at det var 11 filippinarar i slepebåten og 3 nordmenn på krana.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

